



NVE

SVELGEN KRAFT AS

Bukta

6823 SANDANE

Vår dato: 26.03.2026

Vår ref.: 202606778-3 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

NVE gir løyve til mellombels fråvik frå manøvreringsreglementet for Svartevatn 2 i Kinn kommune, Vestland fylke

Vi viser til søknad av 13.03.2026 om løyve til mellombels tapping under lågaste regulerte vasstand (LRV) for Svartevatn 2 i Kinn kommune. Først i brevet finn du NVE sitt vedtak med tilhøyrande vilkår. Deretter kan du lese om tiltaket og NVE si grunngeving for vedtaket.

NVE sitt vedtak

NVE gir løyve til at Svelgen Kraft AS kan tappe Svartevatn 2 ned til 0,5 m under LRV i perioden 06.04.2026-30.04.2026.

Løyvet er gitt i medhald av vassressurslova § 8.

NVE stiller følgjande vilkår

- Alle vasstands-/vassføringsendringar skal skje gradvis slik at stranding av fisk og andre vasslevande organismar blir minimerte eller unngått så langt det er mogleg.
- Det skal førast protokoll over vasstanden i magasinet i det tidsrommet vasstanden er under LRV. Det skal meldast frå til NVE når tiltaket er gjennomført.
- Perioden med vasstand under LRV må gjerast så kort som mogleg. Oppfylling til normal vasstand skal skje så raskt som mogleg etter at arbeida er avslutta.
- Instrumentering for registrering av vasstand inntil 0,5 m under LRV skal etablerast samtidig med at magasinet likevel er nedtappa, dersom slikt utstyr ikkje allereie er etablert. Det følgjar av punkt 4.4 i NVE sine retningslinjer av 12.02.2024 for registrering av vasstand i reguleringsmagasin.
- Ramma partar skal kontaktast direkte for å bli informerte om tiltaket. Informasjon om tiltaket skal i tillegg publiserast på relevante nettsider, som nettsida til selskapet og sosiale medium. Vi ber om at Svelgen Kraft kontaktar kommunen for å leggje ut informasjon om tiltaket på nettsidene til kommunen.
- NVE føreset at Svelgen Kraft har ordna dei privatrettslege forholda som eventuelt måtte bli skadelidande av tiltaket.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett:

www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Høve til å klage

Vedtaket kan klagast på. Sjå opplysningar om rett til å klage på siste side.

Om søknaden

Svartevatn 2 er eit reguleringsmagasin i Indrehusvassdraget, i Kinn kommune. Vatnet blir overført til Klenevatnet, som renn vidare til Litleteigvatn i Bremanger kommune. Litleteigvatn er inntaksmagasin for Svelgen III kraftverk. Løyvet til reguleringa og overføringa blei gjeve ved kgl.res. den 11.10.1963. Svartevatn 2 har ei reguleringshøgde på 21,3 m, og det er ikkje krav om minstevassføring frå magasinet.

Svelgen Kraft AS skriv i sin søknad at dei har behov for å gjennomføre reparasjon på ei tappeluke i Svartevatn 2. Bakgrunnen for dette er at det oppstod ei skade på tappeluka i desember 2025. Det blei gjennomført nødreparasjon med dykkar i januar 2026. Det er no behov for meir permanent reparasjon av skada, og dette må gjennomførast ved tørrlagt tappeluke. Lågaste regulerte vasstand (LRV) i Svartevatn 2 ligg på kote 749,7, og terskelen på inntaket ligg ved kote 749,2. Svelgen Kraft søker derfor om å tappe magasinet til 0,5 m under LRV.

Søkar ønsker å gjennomføre tiltaket før snøsmeltinga tek til. Det vert derfor søkt om å fråvike manøvreringsreglementet i perioden 06.04.2026 til 30.04.2026.

Høyring

På grunn av det avgrensa omfanget i saka har ho ikkje vore kunngjord lokalt. NVE har vore i kontakt med lokale styresmakter for å få deira syn på saka, og meiner at ho er tilstrekkeleg belyst gjennom dette.

Statsforvaltaren i Vestland uttalar i e-post av 18.03.2026:

Føremålet er å kunne gjennomføre eit nødvendig vedlikehald på anlegget. Tiltaket har dermed stor samfunnsverdi. Vi oppfattar at det ikkje er nødvendig med andre avvik frå manøvreringsreglement som eventuelt kan påverke vatn og elvar i vassdraget.

Vi reknar ikkje med at avviket vil få nemneverdige konsekvensar for fisk eller anna biologisk mangfald.

Statsforvaltaren har, ut frå dette, ikkje avgjerande merknader til søknaden.

Bremanger kommune, Kinn kommune og Vestland fylkeskommune har ikkje uttala seg i saka.

NVE si vurdering

NVE kan gi løyve til å fråvike eit manøvreringsreglement etter vassressurslova § 8 når formålet er nødvendig reparasjons- og vedlikehaldsarbeid. Tiltaket fell etter vårt syn inn under dette formålet.

Ifølge Svelgen Kraft ligg Svartevatn 2 relativt utilgjengeleg til, og er derfor lite nytta til friluftsliv og fiske. Vatnet ligg 740 moh. Ved planlagt tidspunkt for tapping er området normalt snødekt og vatnet framleis islagd. Området er da spesielt vanskeleg å ta seg fram i. NVE vurderer at tiltaket ikkje vil påverke friluftsiinteresser.



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

I Svartevatn 2 er det registrert ein aurebestand. Ifølgje ein rapport av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane frå 2015, er bestanden tynn men med god kvalitet og vekst. Ei senking av magasinet 0,5 m under LRV vil kunne redusere fiskens tilgang på bekker. Ettersom tidspunkt for tappinga er utanfor gyteperioda, vurderer NVE at dette ikkje vil påverke aurebestanden i Svartevatn 2. Vi meiner aurebestanden ikkje blir råka av tiltaket.

NVE har gjort søk i Naturbase og Artskart den 18.03.2026. I nærleiken av Svartevatn 2 er dei raudlista artane ærfugl (sårbar, VU), granmeis (VU), fiskemåke (VU), stær (nær tura, NT), gråsporv (NT), gauk (NT) og taksvale (NT) registrert. NVE ventar ikkje at desse artane vil bli råka av at vasstanden i magasinet står 0,5 m lågare enn normalt i ei periode på tre veker.

Vest for Svartevatn 2 er naturtypen kalkfattig og intermediær fjellhei, leside og tundra registrert. Naturtypen inngår i vurderingseininga Fjellhei, leside og tundra, som er vurdert som nær trua (NT). Lokaliteten er av høg kvalitet. Naturtypen er ikkje spesielt knytt til fuktigheit, og ligg heller ikkje heilt inntil magasinet. NVE meiner naturtypen ikkje vil bli påverka av tiltaket.

NVE meiner at vurderingane er i tråd med prinsippa i naturmangfaldlova som skal varetakast når vedtak treffest, jf. naturmangfaldlova §§ 8-12. NVE vil i samband med dette påpeike at tiltaket er mellombels og av kort varigheit. Vi ser også tiltaket som naudsynt for å sikre forsvarleg drift av vassdragsanlegget. NVE kan heller ikkje sjå at tiltaket er i strid med forvaltningsmålet for artar eller økosystem, jf. naturmangfaldlova §§ 4 og 5.

NVE sin oppsummering og konklusjon

Svelgen Kraft er ikkje kjent med allmenne interesser som kan bli råka av tiltaket. NVE meiner ei mellombels tapping på 0,5 m under LRV ikkje vil få konsekvensar for allmenne interesser.

NVE gir løyve etter vassressurslova § 8 til at Svelgen Kraft AS kan tappe Svartevatn 2 ned til 0,5 m under LRV i perioden 06.04.2026-30.04.2026.

Med helsing

Oscar Østvold

fagleder

Marianne Angård

førstekonsulent

Mottakarliste:

SVELGEN KRAFT AS

Kopimottakarliste:



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

SVELGEN KRAFT AS - BJARTE HAUGE
BREMANGER KOMMUNE
STATSFORVALTAREN I VESTLAND
KINN KOMMUNE
VESTLAND FYLKESKOMMUNE



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	<p>Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket.</p> <p>Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.</p>
Du kan få grunngjeving for vedtaket	<p>Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.</p>
Kva skal med i klagen?	<p>Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du:</p> <ul style="list-style-type: none">• Skrive kva for vedtak du klagar på.• Skrive kva for eit resultat du ønsker.• Opplyse om du klagar innanfor fristen.• Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen. <p>I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.</p>
Du kan få sjå dokumenta i saka	<p>Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.</p>
Vilkår for å gå til domstolane	<p>Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klaga på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av Energidepartementet (ED) som overordna forvaltingsmyndigheit.</p> <p>Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.</p>
Sakskostnader	<p>Dersom NVE eller ED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekkar vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.</p>
Kven kan klage på vedtaket?	<p>Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.</p>
Kvar skal du sende klagen?	<p>Du må adressere klagen til ED, men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no.</p> <p>NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til ED.</p>
Du kan be om avgjerd om utsett iverksetjing av vedtaket	<p>Du kan be om avgjerd om at vedtaket ikkje skal setjast i verk før klagefristen er ute eller klaga er avgjort.</p> <p>Klage på vedtak om samtykke til ekspropriasjon har utsetjande verknad, med mindre det er gjort vedtak om noko anna.</p>

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32, 36 og 42.